



Hoem Blikkmontering utbetra skaden på Aktivitetshuset i dag.

Den kortvarige stormen i går, tysdag, gjorde skade på taket på Aktivitetshuset. Skaden vart reparert i dag av Hoem Blikkmontering. Eit tre på Nedre Fet fall på linja og førte til skade på ein straumpåle. Kvinnherad Energi var på plassen i dag og fekk utbetra skaden. Det er også registrert nokre lause takpanner på kyrkja.



Skaden på Nedre Fet vert utbetra av Kvinnherad Energi

Med sterk vind frå nordvest og nord er taket på Aktivitetshuset utsett for skade. Gesimsen er kledd med blekkplater, tynne og mjuke plater som ikkje toler storm. Med uver som NINA og URD må ein pårekna årlege takreperasjonar.

Stormen URD la eit større grantre flatt på Haugland, ved avkøyrsla på skogsvegen. Grunneigar er Nils Raudstein. Alt i dag er arealet rydda og den store rota er lagt fint på plass slik det var før skaden. På Friluftsplassen er nokre greiner brotna. Det var og etter stormen URD.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Stormen URD påførte skade på eit større grantre på Haugland.